

Referat Årsmøte Breivika Båthavn 9/2 2012

Stad: FSK Klubbhus

Frammøtte:

Kjell Atle Reksten

Martin Inge Kjerpeseth

John Reksten

Atle Langø

Sveinung Storevik

Geir Atle Helle

Einar Jacobsen

Sølve Helle

Stein Malkenes

Arve Furesund

Johannes F. Posthorn, fullmakt for Eva Larsen

Reidar A. Reksten

Rolf Russøy

Kristoffer Frøyen

Gunnleiv Hollevik

Arne Helle

Morten Gjølringbø

Dag Johannesen

Sture Thorgaard

Arvid J. Stavang

Johan P. Thue

Snorre Seim

Per Arne Solheim

Jarl Drengenes

Rune A.Eick

Asbjørn Larsen

Saker:

1. Godkjenning av sakliste.

- a. Sakslista blei godkjend med endring av sak 2 (ordstyrar endra til referent) og sak 6 (1000 endra til 900).

2. Val av møteleiar og referent:

- a. Møteleiar: Stein Malkenes
- b. Referent: Rune Andreas Eick

3. Val av 2 medlemmer til å skrive under på årsmøteprotokollen:

- a. Arne Helle
- b. Geir Atle Helle

4. Årsmelding 2011

- a. Kjell Atle Reksten gjekk igjennom denne på ein god måte og den blei einstemmig godkjend.
 - i. Det var avklaringar vedrørande sertifisering av slippanlegget, men dette var ikkje lenger naudsynt då det var opphalsanlegg.

5. Regnskap 2011

- a. Kasserar Einar Jacobsen gjekk i gjennom. Det vart på årsmøtet levert ut eitt revidert regnskap, som og hadde med balanse. Kasserar kommenterte særleg at ein hadde hatt ca. 50000,- meir i inntekt enn budsjettert, men og utgiftene hadde økt.
 - i. Det kom spørsmål om økte utgifter ift. budsjettert, noko som blei forklart med innkjøp av fleire landgangar, høgtrykksspylar, tauverk samt opparbeiding av parkering. Ein hadde og hatt omlegging av sikringar. Porto hadde og auka grunna utsending av nye leigeavtalar.
- b. Regnskapet blei einstemmig godkjent.

6. Fastsetting av kontingent for 2012.

- a. Lagt fram av Einar Jacobsen og einstemmig godkjend.

7. Utleigeprisar.

- a. Styret la fram forslag om 3% auke.
- b. Rune Andreas Eick la fram forslag om å auke prisane til 50 kroner per lengdemeter noko som blei, etter ein del innlegg frå årsmøtet, einstemmig vedteke.

8. Pris på båt plassane.

- a. Lagt fram av Einar Jacobsen, og einstemmig vedteke.

9. Framlegg om auke i styre- og rekneskaps godtgjerdslar.

Godtgjersle til revisor.

- a. Lagt fram av Stein Malkenes. Det blei framheva at ein hadde fagpersonar i viktige roller og at arbeidsomfanget var auka. Det kom spørsmål ang. skattereglar og dersom andre (ikkje fagpersonar) blei valde. Kasserar repliserte at ein held seg innan lovverket angående skattepliktig sum. Ved skifte av kasserar må ein revurdere ordninga med godtgjersle, og eventuelt leige inn firma.
- b. Årsmøtet la fram at dette var ei vedtektsendring sidan beløpa stod i vedtektene, og ein kunne difor ikkje behandle saka. I og med at det stod som sak i innkallinga, hadde alle medlemmene moglegheit til å setje seg inn i den, og det blei avgjort at saka kunne handsamast. Det blei samstundes foreslått å fjerne beløp frå vedtektene, slik at ein slapp å handsame desse sakene som vedtektsendring. Dette blei ikkje behandla under saka Vedtektsendringar, og må difor takast opp ved neste årsmøte.

- c. Framlegget om auke blei einstemmig vedteke.

10. Budsjet for 2012.

- a. Lagt fram av Einar Jacobsen. Dette må reviderast grunna auke i leigeinntektene, men og grunna utgifter pga. orkanen Dagmar.
- b. Einstemmig vedteke.

11. Inkomne framlegg.

- a. Sture Thorgaard om fastsetting årskontingent.
 - i. Tilråding frå styret blei vedteke mot 1 stemme.
- b. Sture Thorgaard om slipping.
 - i. Her var det mykje diskusjon frå eit engasjert årsmøte, men ein landa til slutt ned på følgjande tekst som vart einstemmig vedteke: «*Årsmøtet vedtar at slippansvarlig får godtgjort 1 time dugnad pr. slipping (1/2 time for opptak og ½ time for utsetting av båt), inntil 3 dugnadstimer per år per slippansvarlig. Ordninga gjeld ikkje ved slipping av eigen båt.*»
 - ii. Det vart ikkje innført betaling for slipping, då dette og ville være i strid med vedtektene, og ein blei einig om at det måtte eventuelt kome som eitt forslag til Årsmøtet 2013.
- c. Sigvart Indrebø om kulvart.
 - i. Einstemmig nedstemt.

12. Vedtektsendringar.

- a. Gjennomgått av Snorre Seim, som forklarte at endringane som var føreslege var iht. gjeldande norske lover, og sette krav både til eigar av båtplass, samt bryggelag. Tekst blei endra i paragraf 9 til: «*Bryggelaget, ved styret, har forkjøpsrett...*» etter forslag frå J.P.Thue.

13. Ekstraordinær orienteringssak – status, opprydding og økonomi etter uveret Dagmar.

- a. Kjell Atle Reksten informerte om saka, frå synfaring med takstmann til at ein ikkje lenger var dekkja av forsikringa. Dette grunna at Bryggelaget er brannforsikra, og ein ansåg ikkje ein steinmolo for å vere relevant mot brann. Det kom fram under ordskiptet at når Furuholmen Bryggelag hadde tilsvarande skader, fekk dei ei dekning. Dette skulle undersøkjast nærare. Ein hadde og moglegheit å få dekning frå Statens Naturskadefond, noko styret og jobba med.
- b. Styret, ved formannen, bad om fullmakt til å forsette arbeidet, for snarast å setje anlegget i forsvarleg stand. Dette blei det ein del avklaringar rundt, før ein kunne sameinast på følgjande tekst, som blei einstemmig vedteke:


- i. «Årsmøtet gir styret fullmakt til å iverksetje tilstrekkelege tiltak for å sikre havna etter orkanen Dagmar.»
 - ii. «Årsmøtet gir styret fullmakt til å belaste medlemmene med en eigenandel på inntil 4000,- per båtplass utan å måtte kalle inn til medlemsmøte.»
 - iii. «Når nødvendige avklaringar er gjort (tekniske og økonomiske) skal medlemmene informerast om saken.»
- c. En eventuell eigenandel frå medlemmene skal leggjast til som verdiauke på den enkeltes båtplass.

14. Val.


- a. På val 2012:
- i. Bryggesjef Sveinung Storevik
 - ii. Kasserer Einar Jacobsen
 - iii. Skrivar Stein Malkenes
- b. Bryggesjef tok ikkje attval, medan dei to andre ynskja å fortsetje. Iht. vedtektene var alle på val for 2 år, men skrivar ynskja val for kun 1 år. Dette godtok årsmøtet. Valkomiteens forslag blei difor som følgjer:
- i. Bryggesjef Asbjørn Æsøy
 - ii. Kasserer Einar Jacobsen
 - iii. Skrivar Stein Malkenes.
- c. Einstemmig vedteke.

Styreformann Kjell Atle Reksten takka for frammøte, og bad alle og ein kvar vise ansvar for både eige og felles materiell i båthamna. Dette var noko som kunne betrast.

Godkjenning av referat



Dato/Signatur



Dato/Signatur